

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Sak nr.: 2015/1434-548

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

**Partssamansett utval (PSU) for samanslåingsarbeidet****Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda set ned eit partsamansett utval med 4 hovudtillitsvalde frå arbeidstakarsida og følgjande faste medlemer og varamedlemer frå fellesnemnda:

Fast medlem	Varamedlem
1. ...., Sogn og Fjordane – leiar	.....
2. ...., Sogn og Fjordane	.....
3. ...., Hordaland	.....
4. ...., Hordaland	.....
5. ...., Hordaland	.....

2. Fellesnemnda ber om at arbeidstakarsida peikar ut ein tillitsvald frå kvar av hovudsamanslutningane til det partssamansette utvalet. I tilknyting til utpeikinga må det òg peikast ut varamedlemer.
3. Det partssamansette utvalet får i oppgåve å utforme eit utkast til omstillingssavtale som m.a. avklarar rammene for korleis dei tilsette skal sikrast medverknad og involvering i samanslåingsprosessens. Utvalet legg omstillingssavtalen fram for fellesnemnda for endeleg godkjenning. Fellesnemnda vil – ved si godkjenning av avtalen – også vedta (PSU) sitt mandat.
4. Utgreiingsarbeid og rapportar frå prosjektgruppene skal leggjast fram for det partssamansette utvalet for uttale.

**Vedlegg:**

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 6.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 17.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **Bakgrunn for saka**

Ei fylkessamanslåing vert omfatta av arbeidsmiljølova sine reglar om verksemmdsoverdraging (kap. 16), og Hovudavtalen del B, som omtalar krav til samarbeid mellom partane når omstillingar og reformer skal gjennomførast. Dette inneber m.a. at tillitsvalde skal inkluderast i samanslåingsprosessen. Omstillingsavtalen regulerer arbeidsgjevarpolitiske forhold. I dokumentet kan ein m.a. omtale medverknad for tilsette, informasjon, omstillingstiltak m.m.

I inndelingslova §26 er det lagt vekt på at det kan oppretta partssamansette utval for handsaming av spørsmål som gjeld tilhøvet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. På fylkestinga i Gulen 27.10.17 vart det vedteke at fellesnemnda får i oppgåve å etablere eitt partssamansett utval, underlagt nemnda for perioden fram til konstituering av nytt felles fylkesting. Fellesnemnda vedtek mandat for og samansetting av utvalet. Eit slikt partssamansett utval kan oppfattast som eit administrasjonsutval etter §25 i kommunelova for samanslåingsprosessen i 2018 og 2019.

Hordaland fylkeskommune har i dag eit administrasjonsutval med 9 medlemer. Utvalet er sett saman av 5 representantar frå dei folkevalde og 4 frå dei tillitsvalde.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit sektorovergripande hovudsamarbeidsutval (HSU) med 10 medlemer. Utvalet ivaretok oppgåvane som administrasjonsutval.

### **Partssamansett utval si rolle og samansetjing**

Fylkesrådmennene gjer framlegg om at fellesnemnda opprettar eit partssamansett utval med 9 medlemer, sett saman av tre representantar i fellesnemnda frå Hordaland og to frå Sogn og Fjordane, samt fire tillitsvalde med ein frå kvar av hovudsamanslutningane LO, UNIO, YS og Akademikerne.

Fylkesrådmennene rår til at fylkesordføraren i Sogn og Fjordane leier det partssamansette utvalet, med nestleiar frå Hordaland.

Reglane i kommunelova vil også gjelde for møte i det partssamansette utvalet.

Utvalet får ansvaret for å utforme ein omstillingsavtale som formelt rammeverk for dei tillitsvalde sin medverknad og involvering i samanslåingsprosessen, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen. Omstillingsavtalen bør endeleg vedtakast og godkjennast av fellesnemnda. Ein slik omstillingsavtale vil omtale og regulere fleire deler av samanslåingsprosessen som omtalt under.

Fylkesrådmennene tilrår at det partsamansette utvalet gjev uttale til prosjektgruppene sine utgreiingar. Tillitsvalde deltek i prosjektgrupper, der det særleg vert sett nærmare på forslag til administrativ organisering som endrar tilsette sine arbeidsforhold.

## **Omstettingsavtale**

Omstettingsavtalen vil konkretisere og detaljere framdrift og involvering i prosessen for samanslåing av dei to fylkeskommunane med betydning for dei tilsette. Avtalen skal vedtakast av fellesnemnda og slik gje overordna føringar for korleis dei folkevalde og fylkesrådmennene/prosjektleiar skal handtere arbeidsgjevaransvaret i prosessen.

Tydeleg rollefordeling, openheit og involvering er viktige føresetnader for ein vellukka prosess. I rapporten «Arbeidsgiverpolitikk i kommunesammenslåinger», utarbeidd på oppdrag frå KS, vert kunnskap og erfaringar systematisert i eit arbeidsgjevarpolitiske perspektiv. Rapporten tilrår utforming av ein omstettingsavtale som legg føringane for korleis omstillinga skal gå føre seg og kva for personalpolitiske tiltak som skal setjast i verk m.m.

Til dei faste medlemene i PSU kan det anten peikast ut personlege vararepresentantar eller fylkesvise vararepresentantlister. Det bør i vedtaket presiserast kva for løysing som vert vald.

## **Fylkesrådmennene si tilråding**

Fylkesrådmennene gjer framlegg om at fellesnemnda set ned eit partsamansett utval med 4 hovudtillitsvalde frå arbeidstakarsida og 5 faste representantar med vararepresentantar frå fellesnemnda.

Det partssamansette utvalet får i oppgåve å utforme eit utkast til omstettingsavtale som avklarar rammene for m.a. korleis dei tilsette skal sikrast medverknad og involvering i samanslåingsprosessen. Utvalet legg omstettingsavtalen fram for fellesnemnda for endeleg godkjenning.

Utgreiingsarbeid og rapportar frå prosjektgruppene skal leggast fram for det partssamansette utvalet for uttale.